

Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar



Temaplan 2025 - 2030

28.04.2025

Kommunedirektøren

Innholdsliste:

1. Samandrag av innsatsområde og målsetjingar	4
1.1. Førebyggje og avdekke vald og overgrep	4
1.2. Handlingskompetanse ved mistanke om eller avdekka vald og overgrep.....	4
2. Innleiing.....	5
2.1. Visjon og overordna målsetjingar	5
2.2. Kommunen sitt ansvar	5
2.3. Målgrupper	6
2.4. Avgrensingar	6
3. Vald i nære relasjonar	7
3.1. Definisjonar	7
3.2. Ulike typar vald	7
4. Omfang og status.....	9
4.1. Omfang nasjonalt	9
4.2. Omfang lokalt	10
4.3. Vurdering av status lokalt	10
4.4. Risikoutsette grupper.....	11
5. Innsatsområde	12
5.1. Førebyggje og avdekke vald og overgrep	12
5.1.1. Målsetjingar og tiltak	13
5.2. Handlingskompetanse ved mistanke om eller avdekka vald og overgrep.....	15
5.2.1. Målsetjingar og tiltak	16
6. Implementering og gjennomføring.....	17
7. Lovverk og føringar	18
7.1. Lovgrunnlag	18
7.2. Menneskerettslege forpliktingar.....	18
7.3. Nasjonale føringar, meldingar, strategiar og planar.....	18
8. Ressursar	19
9. Referansar	21
10. Vedlegg.....	22



Førebygging og avdekking av vald og overgrep

Når du kjenner uro

Snakk med leiar
eller fagperson

Snakk med den du
er uroa for

Gje omsorg og
tryggleik

Usikker?
Søk råd frå
barnevernet
(97 55 21 63)
eller
Krisesenter Vest IKS
(53 41 12 12)



Når nokon fortel

Lytt

Gje omsorg og
tryggleik

Våg å stille spørsmål

Snakk med leiar eller
fagperson

Meld frå til
barnevernet
(97 55 21 63)
eller
Politiet (02800)
eller
Krisesenter Vest IKS
(53 41 12 12)



For å tidleg identifisere dei
som er i ein risikosituasjon
har tilsette kunnskap om
risiko- og beskyttande
faktorar

Felles førebyggjande fundament

Innbyggjarane har kunnskap om
vald og overgrep

Samarbeid og samhandling
mellom aktørar som har
ansvar for å førebyggje,
avdekke og avverje vald og
overgrep

1. Samandrag av innsatsområde og målsetjingar

Førebygging og avdekking av vald og overgrep og god handlingskompetanse når det er mistanke om eller avdekka vald i nære relasjonar er prioriterte område i handlingsplanen. Dette er valt ut som innsatsområde. Under er målsetjingar knytt til innsatsområda presenterte. Tiltaka under kvart innsatsområde er presenterte i tabellar i kapittel fem.

1.1. Førebyggje og avdekke vald og overgrep

I arbeidet med å førebyggje og avdekke vald og overgrep er det sett opp fylgjande målsetjingar for planperioden:

- Innbyggjarane har kunnskap om kva vald og overgrep er og kvar dei kan søke hjelp.
- For å tidleg identifisere dei som er i ein risikosituasjon har tilsette kunnskap om risiko- og beskyttande faktorar.
- Godt samarbeid og god samhandling mellom aktørar som har ansvar for å førebyggje, avdekke og avverje vald og overgrep.

1.2. Handlingskompetanse ved mistanke om eller avdekka vald og overgrep

God handlingskompetanse ved mistanke om eller avdekka vald og overgrep er det andre innsatsområdet. I dette arbeidet er det valt ut fylgjande målsetjingar for planperioden:

- Tydeleg kommunikasjon om korleis innbyggjarane kan søke hjelp og melde frå når ein får mistanke om eller kjennskap til at nokon er utsette for vald og overgrep.
- Tilsette har kunnskap om samtalemetoder og kompetanse på å snakke med personar dei har uro for.
- Sørge for gode rutinar for korleis tilsette kan handle på bakgrunn av uro.

2. Innleiing

Vald og overgrep er eit omfattande samfunnsproblem, eit menneskerettsproblem, eit demokratisk problem, eit likestillingsproblem, eit kriminalitetsproblem og eit folkehelseproblem¹.

Vald i nære relasjonar er eit viktig satsingsområde for regjeringa. I «Frihet frå vold,» som er regjeringa sin handlingsplan for å førebyggje og bekjempe vald i nære relasjonar 2021-2024, vert kommunane oppmoda til å utarbeide handlingsplan for vald i nære relasjonar. For å lukkast i arbeidet med å bekjempe vald i nære relasjonar, må innsatsen vere heilskapleg og samordna.

Regjeringa har lansert ein [opptrappingsplan mot vald og overgrep mot born og vald i nære relasjonar](#) for perioden 2024-2028². Planen skal bidra til betre førebygging og vern, at fleire saker vert avdekka og at utsette vert ivaretekne på ein meir omsorgsfull måte.

Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar er ein temaplan som inngår i kommunen sin planstrategi. I [kommuneplanen sin samfunnsdel \(KPS\)](#) står det at det er trong for eit stort arbeid for å førebyggje vald i nære relasjonar. Vidare står det at ein må synleggjere og kjempe mot alle former for diskriminering, vald og trakassering og motarbeide haldningar som er til hinder for inkludering, full likestilling og likeverd. FN sine bærekraftsmål er overordna og vil vere sentrale i planarbeidet. Bærekraftsmål nummer 16 omhandlar fred, rettferd og velfungerande institusjonar. I delmåla til dette bærekraftsmålet står det mellom anna at ein skal redusere alle former for vald og dødelegheit knytt til vald, stanse overgrep, utnytting, menneskehandel og alle former for vald og tortur mot barn. Under bærekraftsmål nummer fem om likestilling mellom kjønna, står det i delmåla at det skal jobbast for å avskaffe alle former for vald mot alle jenter og kvinner og at all skadeleg praksis, som barneekteskap, tvangsekteskap og kjønnslemlesting skal avskaffast.

2.1. Visjon og overordna målsetjingar

Det overordna målet er at kommunen skal ta hand om innbyggjarane sin tryggleik og helse ved å førebygge og avdekke vald. Verksemdene skal vere trygge og kompetente i møte med valdsutsette menneske. Innbyggjarane skal kunne finne informasjon og hjelp på kommunen si heimeside og i tenestene.

2.2. Kommunen sitt ansvar

Å vere utsett for eller vitne til vald kan føre til negative konsekvensar, og vald kan utgjere ei alvorleg utfordring for samfunnsdeltaking og folkehelse. Derfor er arbeidet med å førebygge vald, avdekke vald og gi god hjelp til utsette og utøvarar ei sentral oppgåve for offentlege myndigheiter.

¹ <https://dinutvei.no/vold-i-naere-relasjoner/hva-er-vold-definisjoner/>

² [Prop. 36 S \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](#)

Kommunen er pliktig til å førebygge, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep. Dette går fram av helse- og omsorgstenestelova § 3-3a. Krisesenterlova forpliktar kommunen til å sørgje for samordna oppfølging av valdsutsette, både frå krisesenter og andre tenester³.

2.3. Målgrupper

Målgruppa for handlingsplanen er kommunen sine innbyggjarar, tilsette i Bømlo kommune og samarbeidande tenester og brukarar av ulike tenester. Handlingsplanen omhandlar heile livsløpet.

Kommunen har ansvar for å ivareta alle som vert ramma av eller utøver vald i nære relasjonar, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, etnisitet, kultur og livssyn.

2.4. Avgrensingar

Handlingsplanen omhandlar vald i nære relasjonar. Definisjon av vald og nære relasjonar er omtala i kapittel tre.

Mange arbeidstakarar vert utsette for vald og trugslar i samband med jobben sin. Vald og trugslar i arbeidslivet og spørsmål som omhandlar arbeidsmiljø og risiko for vald i arbeidssituasjon, er ikkje teke med i denne handlingsplanen. Bømlo kommune har hatt fokus på å utarbeide rutinar for å førebyggje og fylgje opp hendingar knytt til vald og trugslar i arbeidslivet. I Bømlo kommune er det utarbeidd overordna retningslinjer for vald og trugslar og i tillegg er det utarbeidd tiltakskort i intern beredskapsplan for handtering av vald og trugslar, og det er utarbeidd system for å registrere, rapportere og fylgje opp hendingar, gjennom kommunen sitt interne avvikssystem. [Bømlo kommune sin rutine for førebygging, handtering og oppfølging av vald og trugslar](#) er tilgjengeleg for alle tilsette i Bømlo kommune.

³ [brosjyre_voldinarerelasjoner_revidering-oktober_skjerm-002-002.pdf \(bufdir.no\)](#)

3. Vald i nære relasjonar

Vald førekjem i mange former. Når du vert utsett for vald frå nokon du kjenner godt eller har tillit til, kallar vi det vald i nære relasjonar⁴. Det at den utsette har ein nær relasjon til den som utøv valden, byr på nokre særskilte utfordringar.

3.1. Definisjonar

Det finst fleire definisjonar av vald og vald i nære relasjonar. Ein mykje nytta definisjon av vald er Per Isdal sin definisjon.

Vold er enhver handling rettet mot en annen person som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.

I forslag til ny opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar (2024-2028), er vald i nære relasjonar definert slik:

«Vold i nære relasjoner forstås som vold og seksuelle overgrep fra nåværende eller tidligere partner, vold og overgrep mot barn fra foreldre eller andre familiemedlemmer, og eldre som utsettes for vold fra partner, barn, barnebarn eller andre i nære relasjoner. Volden kan også utøves av andre i familien, herunder svigerfamilien, og det kan være flere utøvere fra flere hushold⁵.»

Vald i nære relasjonar omfattar ulike former for vald og overgrep mellom noverande og tidlegare familiemedlemmar, og den omfattar også barn som er vitne til valden. Negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting fell også inn under omgrepet⁶.

3.2. Ulike typar vald

Det finst ulike typar og former for vald. Under finn du eksempel på ulike typar vald, men lista er ikkje uttømmende⁷. Det kan vere at ein opplev eller er vitne til andre typar vald enn det som er lista opp her. Dei ulike formene for vald glir ofte over i kvarandre, og mange opplev fleire typar vald, både samstundes og på ulike tidspunkt i livet⁸.

⁴ [Vold i nære relasjoner - Dinutvei.no](https://dinutvei.no)

⁵ [Prop. 36 S \(2023–2024\) \(regjeringen.no\)](https://prop.36.s.2023-2024/regjeringen.no)

⁶ [Hva er vold i nære relasjoner? – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](https://voldveileder.nkvts.no/innhold/personer-som-utover-vold/om-a-utove-vold/ulike-former-vold-overgrep/)

⁷ <https://dinutvei.no/vold-i-naere-relasjoner/ulike-former-for-vold/>

⁸ <https://voldveileder.nkvts.no/innhold/personer-som-utover-vold/om-a-utove-vold/ulike-former-vold-overgrep/>

Fysisk vald;

All vald som inneber fysisk kontakt- spark, slag, lugging, biting, kloring, fasthalding, risting, dytting og kvelartak. Innesperring og isolasjon er også former for fysisk vald.

Psykisk vald;

Bruk av ord og stemme som trugar, skadar, krenker eller kontrollerer andre. Å nedvurdere, vere likegyldig til og audmjuke andre er også former for psykisk vald.

Indirekte vald;

Vitne til vald og/eller konsekvensane av valdshandlingar.

Materiell vald;

Knusing, øydelegging og kasting av gjenstandar, slag i veggar og dørar og liknande.

Økonomisk vald;

Kontroll over andre sin økonomi; den eine parten vert nekta kontroll over eigen eller felles økonomi.

Latent vald;

Valden «ligg i lufta». Dei som vert utsett for vald fryktar ofte at valden skal gjenta seg og gjer det dei kan for å unngå ny vald.

Digital vald;

Trugslar og trakassering via meldingar, overvaking og kontroll via mobil eller sosiale medier, eller stygge meldingar posta på nett. Også trugslar, trakassering og seksuelle overgrep som følgje av kontakt etablert på nett.

Seksuelle overgrep og vald;

Alle former for seksualiserte handlingar som ein vert pressa, tvinga eller truga til, eller forsøkt pressa til mot sin vilje.

Æresrelatert vald;

Vald som vert utløyst av familiens behov for å ivareta eller rette opp ære og omdømme.

Negativ sosial kontroll;

Kan vere når ulike formar for press, trugslar, oppsyn og tvang vert utøvd for å sikre at einskildpersonar lever i tråd med familien eller gruppa sine normer.

Tvangsekteskap;

Er ekteskapsinngåing der ein eller begge ektefellane ikkje har mogelegheit til å velje å vere ugift utan å bli utsett for vald, fridomsinnskrenking og urimeleg press.

Oppdragarvald;

Fysisk og psykisk avstraffing som ledd i oppdraginga av barn og unge.

Omsorgssvikt;

Mangel på handlingar eller feilaktige handlingar ved omsorg for barn og unge samt pleietrengande vaksne. Fysiske behov og behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse blir då ikkje ivareteke.

Kjønnslemlesting;

Er ei fellesnemning på ulike typar inngrep på jenter og kvinner sine ytre kjønnsdelar, som blir utført av kulturelle årsaker og utan medisinsk grunn.

4. Omfang og status

Vald og overgrep rammar mange vaksne og barn i Noreg. Dei seinare åra har det vore gjennomført ei rekke omfangsundersøkingar som syner eit høgt, og for nokre valdsformar, eit aukande omfang av vald og overgrep mot både barn og vaksne.

4.1. Omfang nasjonalt

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) lanserte i 2023 ein rapport⁹ som presenterer den andre nasjonale omfangsstudien om vald og seksuelle overgrep i den vaksne befolkninga i Noreg.

Rapporten syner at vald og overgrep framleis er eit alvorleg samfunnsproblem i Noreg. Omfanget av vald er høgt. Kvinner er særleg utsette for alvorleg vald i nære relasjonar og seksuell vald. Menn er meir utsette for fysisk vald enn kvinner. Det er fleire av deltakarane i studien som rapporterer om alvorleg vald samanlikna med deltakarane i den førre omfangsundersøkinga. Vald i nære relasjonar og alvorlege seksuelle overgrep ser ut til å auke.

I undersøkinga kjem det fram at politiet og rettsvesen berre var kjent med ein liten del av valden. Under halvparten av dei utsette hadde snakka med helsepersonell om det dei hadde vore utsett for. Utsette rapporterte ofte at dei hadde opplevd fleire typar vald og overgrep. I rapporten vert det også peika på at det var ein samanheng mellom å vere utsett for vald i barndommen og å oppleve vald og overgrep i vaksen alder.¹⁰

Folkehelserapporten, som vert publisert av Folkehelseinstituttet, presenterer kunnskap og statistikk om helsetilstanden i Noreg. I rapporten vert kunnskap om vald og overgrep summert opp slik¹¹(merk at dette er tal som omhandlar vald og overgrep, og ikkje «berre» vald i nære relasjonar):

- Om lag eit av 20 barn og unge veks opp under tilhøve som er prega av vald (barnemishandling). Delen har vore stabil over tid. Mindre alvorleg fysisk vald mot barn og unge har minka betydeleg over tid og førekjem hos om lag ein av fem.
- I vaksen alder oppgjer ein av fire kvinner og nesten annankvar mann at dei har vore utsett for vald etter 18 års alder.
- Når det gjeld seksuelle overgrep, oppgjer ein av fem jenter og ein av 14 gutar at dei har opplevd dette i barne- og ungdomsåra. Ni prosent av alle kvinner har vore utsett for valdtekt minst ein gong i livet.
- Vald, seksuelle overgrep og omsorgssvikt i barndommen aukar risikoen for alvorlege fysiske og psykiske helseplager.

⁹ Dale, M. T. G., Aakvaag, H. F., Strøm, I. F., Augusti, E. M., & Skaug, A. D. (2023). Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

¹⁰ <https://www.nkvts.no/rapport/omfang-av-vold-og-overgrep-i-den-norske-befolkningen/>

¹¹ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/skader/vold/>

4.2. Omfang lokalt

Ungdata er lokale barne- og ungdomsundersøkingar der skuleelevar på mellomtrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande skule svarar på spørsmål om ulike sider ved livet sitt. På Bømlo vart undersøkinga sist gjennomført i 2024.

Ungdata kartlegg vald i familien med to spørsmål. Det vert spurt om ungdommen i løpet av det siste året har opplevd å bli slegen av ein vaksen i familien og om dei har vore vitne til at vaksne i familien har blitt utsette for vald. Resultata viser at det er ein realitet for nokre unge. Tre prosent av elevane på ungdomstrinnet på Bømlo svarte i 2024 at dei har opplevd at ein vaksen i familien har slått dei med vilje. To prosent av elevane i den vidaregåande skulen på Bømlo rapporterer om det same. Tre prosent av ungdomsskuleelevane og to prosent av elevane i vidaregåande skule svarte at dei har sett eller høyrte at ein vaksen i familien har blitt slått, sparka, rista hardt eller lugga av ein annan vaksen i familien.

Det har vore ein auke i talet på meldingar til barneverntenesta frå 2021 og fram til 2023 som omhandlar vald i heimen/barn vitne til vald, barn utsett for fysisk vald og/eller barn utsett for psykisk vald. Det har også vore ein auke i tal meldingar som omhandlar overgrep. Det er likevel viktig å vere merksam på at dette er statistikk over ei kort periode, og at det derfor kan vere vanskeleg å seie noko om tendensar over tid.

Statistikk frå politiet kan vere med å seie noko om omfang av vald i nære relasjonar. Familievaldsstatistikk for Stord politistasjonsområde (Bømlo, Stord og Fitjar) gjev ei oversikt over talet på saker der familievaldsknappen er huka av. Dette er saker der det er nær relasjon mellom mistenkt/sikta og fornærma. Sakene kan vere alt frå brot på besøksforbod, trugslar, skremmande hensynslaus åtferd, seksuallovbrot og saker som omhandlar mishandling i nære relasjonar. Det var i 2023 741 anmelde saker der «familievaldsknappen» er huka av i Sør-Vest politidistrikt. For Stord politistasjonsområde var tilsvarende tal 38. Tala har gått nedover sidan 2020. Det var i 2023 172 anmelde saker som er koda som mishandling i nære relasjonar i Sør-Vest politidistrikt. For Stord politistasjonsområde var tilsvarende tal 15 anmelde saker.

4.3. Vurdering av status lokalt

Vald og overgrep i nære relasjonar er eit alvorleg problem, også lokalt, og mørketala er truleg store. Tal frå Ungdataundersøkinga i 2024 syner at 3% av ungdomsskuleelevane på Bømlo har blitt utsett for og/eller vore vitne til vald i familien. 2% av elevane i den vidaregåande skulen på Bømlo rapporterer om det same. Det har vore auke i talet på meldingar til barneverntenesta som omhandlar vald og overgrep.

Det er mange tenester som møter menneske som er eller har vore utsette for vald i nære relasjonar og personar som har utøvd vald og mishandling. Tenestene møter innbyggjarane på ulike måtar i tråd med ulike rammer og mandat. I samband med utarbeidinga av denne handlingsplanen er det laga situasjons-skildringar frå tenestene, som ligg til grunn for vurderingane.

Helsestasjon og skulehelsetenesta jobbar etter [Forskrift om kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skulehelsetjenesten - Lovdata](#), og nasjonal fagleg retningsline for helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom: [Helsestasjon, skulehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom - Helsedirektoratet](#). Helsestasjonen skal gjennom helsestasjonsprogrammet bidra til å avverje og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt ved at det er aktuelt tema på alle konsultasjonar

frå svangerskapskontrollar hos jordmor og på helsestasjon hos helsesjukepleiar. Helsesjukepleiar, lege, fysioterapeut, jordmor og anna helsepersonell på helsestasjonen skal vere merksame på forhold som kan tyde på at barnet er utsett for vald, overgrep eller omsorgssvikt, og ved konsultasjonane i helsestasjonsprogrammet observere barnet og familien for å avverje og avdekke slike forhold.

Det er behov for eit systematisk arbeid for å førebyggje og avdekke vald i nære relasjonar. Kommunen må legge til rette for at innbyggjarane har god kunnskap om kva vald og overgrep er og at dei veit kvar dei skal melde frå og søke hjelp. Informasjon til barn og unge om vald og overgrep bør vere systematisk og integrert i opplæring frå barnehage til skule. I tillegg vert det peika på at det er behov for kompetanseheving til dei tilsette, slik at ein tidleg kan identifisere personar som er i ein risikosituasjon, vere trygg i samtalar med innbyggjarar som er i ein risikosituasjon eller som er utsette for vald og vite kva ein skal gjere når det er mistanke om eller avdekka vald og/eller overgrep. Det er behov for at det er eit jamleg fokus på vald og overgrep og rutinar knytt til dette arbeidet i internundervisning og opplæring av nyttilsette. Vidare vil det vere behov for å oppretthalde fokuset på eit godt samarbeid og god samhandling mellom aktørar som har ansvar for å førebyggje, avdekke og avverje vald og overgrep.

4.4. Risikoutsette grupper

Sjølv om alle kan utsettast for vald, er det nokre grupper som kan vere særleg utsette. Risikoen aukar dersom personen er avhengig av andre si hjelp, noko som kan gjere ein meir sårbar for andre sine handlingar. Eksempel på dette er personar med nedsett funksjonsevne eller utviklingshemming, rusavhengige, personar med fysiske/psykiske lidningar og eldre.¹² I tillegg kan andre sosiale omstende bidra til ytterlegare sårbarheit.

Det er viktig å ha fokus på risikoutsette grupper i arbeidet med å førebygge og avdekke vald i nære relasjonar og i oppfølging av personar som er utsett for vald og overgrep.

¹² [2.2.1 Målgrupper – Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner](#)

5. Innsatsområde

Tiltaka som bør setjast i verk den komande perioden er skjematisk nedfelt under i tiltaksplanar med tidsfristar og kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

5.1. *Førebyggje og avdekke vald og overgrep*

Førebygging av vald er ein viktig del av valdsarbeidet i Bømlo kommune. Førebygging er eit omgrep som blir nytta på ulike måtar og med ulikt fokus.

Universell førebygging rettar seg mot heile grupper i befolkninga, som alle innbyggjarar i kommunen eller alle barn på ungdomstrinnet.

Selektiv førebygging rettar seg mot grupper der det er mogleg høgare risiko for å oppleve vald.

Indikativ førebygging er tiltak retta mot personar med allereie kjent valdsproblematikk eller høg risiko for å oppleve dette.

I «Frihet fra vold,» som er Regjeringa sin handlingsplan for å førebygge og bekjempe vald i nære relasjonar, er målretta førebygging eit av seks innsatsområde. Å hindre at vald i nære relasjonar førekjem er det fremste målet på dette området. God førebygging kan redusere behovet for meir inngripande tiltak seinare. I tillegg vil god førebygging spare einskildindivid og samfunnet for store kostnader, både menneskelege og økonomiske¹³.

For å lukkast i det førebyggjande arbeidet, må samarbeidet og samhandlinga mellom sektorar som har ei rolle og eit ansvar styrkast. Effektiv førebygging av vald i nære relasjonar krev tidleg innsats frå eit breitt sett av aktørar på fleire nivå¹⁴. Barnevernsreforma, som tredde i kraft 1. januar 2022, skal bidra til å styrke arbeid med førebygging og tidleg innsats, og gir kommunane meir ansvar på barnevernområdet. For å styrke oppfølginga av utsette born, unge og deira familiar, vart det frå 1. august 2022 vedteke nye bestemmelsar om samarbeid, samordning, barnekoordinator og individuell plan. Den nasjonale rett-leiaren «samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier» skildrar kva plikter velferdstenestene og kommunen har¹⁵.

Bømlo kommune har sidan 2018 nytta samhandlingsmodellen Betre tverrfagleg innsats (BTI) for å sikre at barn og unge som det er knytt uro til, og familiane deira, får god og heilskapleg hjelp utan oppfølgingsbrot. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Det er utvikla ein digital handlingsrettleiarside, som skildrar korleis ein skal gå fram i konkrete tilfelle der ein er uroa for barn og unge. Handlingsrettleiaren finn du her. [Bømlo BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Bømlo kommune \(betreinnsats.no\)](https://bomlo.no/bti).

Helse- og omsorgstenestene skal ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Tidleg avdekking av vald er god førebygging. Helsestasjonstenesta og skulehelsetenesta har ei viktig rolle i arbeidet med å førebyggje, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt.

¹³ [209755-jd-frihetfravold-web.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/209755-jd-frihetfravold-web.pdf)

¹⁴ [209755-jd-frihetfravold-web.pdf \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/209755-jd-frihetfravold-web.pdf)

¹⁵ [Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier - Helsedirektoratet](https://www.helsedirektoratet.no/samarbeid-om-tjenester-til-barn-unge-og-deres-familier)

5.1.1. Målsetjingar og tiltak

Mål 1: Innbyggjarane har kunnskap om kva vald og overgrep er og kvar dei kan søke hjelp		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Tidsrom
Barnehagar og skular nyttar læringsressursar, som Jeg vet.	Styrarar og rektorar	Kontinuerleg
Nok. Bergen har undervisning for elevar ihht. samarbeidsavtale med Bømlo kommune.	Nok. Bergen, rektorar og verksemdsleiar BFT	Årleg
Undervisning til alle elevar på 8. trinn. Ressursen jegvilvite.no vert nytta i undervisninga. Individuelle samtalar med elevane i etterkant.	Skulehelsetenesta	Årleg
Ei veke med seksualitetsundervisning for alle elevar på 9. trinn. Opplegget Spør Først! vert nytta. Politi, førebyggjande teneste og helsestasjon for ungdom deltek.	Skulehelsetenesta	Veke 6
Temasamling om vald og overgrep i nære relasjonar for lag og organisasjonar.	Tverrsektoriell arbeidsgruppe førebygging av vald og overgrep.	Årleg
- Informere om ressursar som Dinutvei.no , valdsfri.no og plikt.no og om meldeplikt til barnevernet på fagdagar og temasamlingar.	Tverrsektoriell arbeidsgruppe førebygging av vald og overgrep.	Årleg
Utarbeide tydeleg informasjon om vald og overgrep på kommunen si heimeside.	Kommunikasjonsrådgjevar og SLT-koordinator	Våren 2025
Vald og overgrep er fast tema i samtale med foreldre i svangerskapet og etter fødsel og med barn på 1. trinn, 3. trinn og 8. trinn.	Leiande helsesjukepleiar Avd.leiar skulehelsetenesta	Kontinuerleg
- Stine Sofie Foreldrepakke vert nytta i svangerskapet og etter fødsel.	Helsestasjon	Kontinuerleg
- Filmen «I trygge hender» vert vist til alle foreldre av helsesjukepleiar 7-10 dagar etter fødsel.	Helsestasjon	Kontinuerleg
- Informasjon til foreldre i førstegongssamtale ved oppstart	Barnehagane	Kontinuerleg
- Helseundersøking for elevar på 1. trinn. Elev møter i lag med føresett.	Skulehelsetenesta	Årleg
- Trivselssamtale for alle elevar på 3. trinn og 8 trinn.	Skulehelsetenesta	Årleg
Tilbod om foreldrerettleiing individuelt og i gruppe i tråd med TIBIR- programmet (Tidleg innsats for barn i risiko) :	Verksemdsleiar BFT	Kontinuerleg
- Individuell rettleiing til foreldre med barn i alderen 3-12 år	Verksemdsleiar BFT	
- Foreldrerettleiingsgruppe for foreldre med minoritetsbakgrunn. Utdanning og bruk av kulturtolkar som rettleiarar.	Verksemdsleiar BFT	
- Foreldrerettleiing, ICDP, som del av introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarar	Rektor BVO og verksemdsleiar BFT	
Bømlo kommune jobbar for at pensjonistane sine eigne organisasjonar jamleg tek opp tema vald og overgrep og kognitiv svikt	Rådgjevar folkehelse og frivilligheit Demenskoordinator	Kontinuerleg
Fokus på vald og overgrep i temadagar på Bømlo vaksenopplæring	Rektor Bømlo vaksenopplæring	Årleg

Mål 2: For å tidleg identifisere dei som er i ein risikosituasjon har tilsette kunnskap om risiko- og beskyttande faktorar		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Tidsrom
Fagsamling om vald og overgrep i nære relasjonar for tilsette i Bømlo kommune. - Vurdere om prosjektet Alt det jeg er med filmframsyning skal nyttast.	Tverrsektoriell arbeidsgruppe førebygging av vald og overgrep.	Årleg
Utarbeide opplæringspakke/informasjon til nyttilsette om ressursar i arbeidet for å førebygge, avdekke og handtere vald i nære relasjonar.	Personalsjef	2025
Handbok for førebygging og handtering av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald vert gjort kjent for tilsette i skular, vaksenopplæring, flyktningteneste og BFT.	SLT-koordinator	Årleg
Gjere rettleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar kjent: NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner .	Kommunalsjef HSO Verksemdsleiar BFT	Årleg
Informere om nettressursar, som Veilederen og KS Læring, som har kurs og ressursar om tema vald og overgrep, i opplæring av tilsette.	Personalsjef	Årleg
Stine Sofie Barnehagepakke vert nytta av barnehagane	Styrarane i barnehagane	
Markering av Verdsdagen mot vald og overgrep mot eldre .	Bømlo heimeteneste	Årleg

Mål 3: Godt samarbeid og god samhandling mellom aktørar som har ansvar for å førebyggje, avdekke og avverje vald og overgrep		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Frist
Faste møter mellom politi og kommunale tenester for å betre samhandling, oppfølging og livskvalitet rundt einskildpersonar gjennom prosjektet «Mellom alle stolar» (MAS).	Politikontakt SLT-koordinator	Oppstart 2025
Vald og overgrep er tema i politiråd.	SLT-koordinator	Årleg
Tilsette jobbar etter samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) med tilhøyrande handlingsrettleiar og verktøy ved uro for barn og unge.	SLT-koordinator	Kontinuerleg
Samarbeid med alkovettorganisasjonen Av-og-til .	SLT-koordinator	Kontinuerleg
Utarbeide årshjul for førebyggjande innsats mot vald og overgrep	SLT-koordinator	2025
Bømlo kommune tek del i nettverk for førebygging av vald og overgrep mot barn og unge.	Deltakarane i nettverket	Kontinuerleg

5.2. Handlingskompetanse ved mistanke om eller avdekka vald og overgrep

Konsekvensane av vald og overgrep er store. Det er derfor viktig at personar som er eller har vore utsette for vald eller overgrep får rask og heilskapleg hjelp.

Det kan ta lang tid frå ein person har blitt utsett for overgrep til fyrste gong personen som er utsett fortel om dette til nokon. Årsakene til dette kan vere mange og samansette. Studiar har vist at frykt for at det å fortelje vil ha negative konsekvensar for familie eller overgripar, frykt for å ikkje verte teken på alvor eller trudd, at det er vanskeleg å snakke om og at det ikkje kjem rette høve til å snakke om det ein er eller har vore utsett for og skuldkjensle er faktorar som spelar inn¹⁶.

Det kan vere vanskeleg å både sjå og spørje, og vite kva ein skal gjere dersom ein får mistanke om eller kjennskap til at nokon er utsette for vald eller overgrep. Det er derfor avgjerande at tilsette har god kunnskap om risikofaktorar og beskyttande faktorar, teikn og signal som kan gi grunnlag for å oppdage personar som er utsette.

I Helsedirektoratet si nasjonale faglege retningslinje «tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge» er det presisert kva kommunen har ansvar for når det gjeld å tidleg identifisere utsette barn og unge. Her vert det lagt vekt på å sikre at tilsette som jobbar med barn og unge har kunnskap om beskyttande faktorar, risikofaktorar, teikn og signal som kan gi grunnlag for å oppdage utsette. I tillegg vert det lagt til at kommunen bør sørge for at verksemdene har rutinar for korleis tilsette kan handle på bakgrunn av uro¹⁷. Tilsette som arbeidar med barn og unge bør ha god kunnskap om samtalemetoder og god kompetanse på å snakke med barn og unge dei har uro for¹⁸. Det er utvikla fleire verktøy for korleis ein kan auke kompetanse og tryggleik i å snakke med barn og unge. Det er viktig med ein systematisk innsats for å sikre at tilsette har den naudsynt kompetanse og tryggleik.

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) har utarbeida ein rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar. Rettleiaren skal auke kunnskapen og styrke handlingskompetansen hos tilsette i helse- og omsorgstenestene som møter personar som er utsette for eller utøver vald. Helse- og omsorgspersonell i kommunen, som fastlegar, tilsette i psykisk helse og rus, heimetenesta og tilsette i heildøgns omsorgsbustad, tilsette i helsestasjon og skulehelseteneste, habilitering- og rehabiliteringstenesta og andre, bør ha kunnskap om innhaldet i rettleiaren. I tillegg bør det føreligge lokale rutinar og samarbeidsavtalar for å sikre eit godt helse- og omsorgstilbod til dei som vert utsette for vald i nære relasjonar og for andre råka¹⁹.

¹⁶ [Hvorfor tar det så lang tid å fortelle om seksuelle overgrep? | Tidsskrift for Norsk psykologforening \(psykologtidsskriftet.no\)](https://tidsskriftet.no/2016/04/hvorfor-tar-det-sa-lang-tid-a-fortelle-om-seksuelle-overgrep/)

¹⁷ [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge - Helsedirektoratet](#)

¹⁸ [Fra kunnskap til handling hos ansatte som arbeider med barn og unge - Helsedirektoratet](#)

¹⁹ [NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

5.2.1. Målsetjingar og tiltak

Mål 4: Tydeleg kommunikasjon om korleis innbyggjarane kan søke hjelp og melde frå når ein får mistanke om eller kjennskap til at nokon er utsette for vald og overgrep		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Frist
Tiltakskort for kva ein kan gjere ved mistanke om vald i nære relasjonar vert gjort kjent og gjort tilgjengeleg for innbyggjarane.	SLT-koordinator	Kontinuerleg
Gjere oversikt over tiltak og tenester for barn og unge kjent: Tiltaksoversikt - Bømlo kommune .	SLT-koordinator	Kontinuerleg
Vurdere samarbeid med andre, som Alternativ til vold, for å styrke og synleggjere hjelpetilbodet for utøvarar av vald i nære relasjonar	SLT-koordinator	Kontinuerleg

Mål 5: Tilsette har kunnskap om samtalemetoder og kompetanse på å snakke med personar dei har uro for		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Frist
Verktøyet snakkemedbarn.no vert nytta av tilsette i tenester som møter barn og unge. - Verktøyet er årleg tema på personalmøte - Tilsette i barnehagar, skular og hjelpetenester trenar på samtalar med barn	Styrarar Rektorar Verksemdsleiar BFT	Kontinuerleg
Informasjon om vald og overgrep mot vaksne og eldre i retteleiar for helse- og omsorgstenestene sitt arbeid med vald i nære relasjonar vert gjort kjent for tilsette i HSO.	Kommunalsjef HSO	Årleg
Ressursar, som rettentil.no og samtaleverktøy, som «Ut av den vonde sirkelen» på valdsfri.no , vert gjort kjent for tilsette på fagdagar og i leiarmøte.	SLT-koordinator Verksemdsleiar BFT	Kontinuerleg

Mål 6: Sørge for gode rutinar for korleis tilsette kan handle på bakgrunn av uro		
Tiltak (slik gjer me det)	Ansvar	Frist
Vurdere innføring av TryggEst	Kommunalsjef HSO	2025/2026
Tilsette er kjent med avvergingsplikt og ressursen plikt.no	Kommunalsjefar Personalsjef	Kontinuerleg
Utarbeide samhandlingsrutinar og planar mellom kommunen og krisesenteret.	Kommunalsjef HSO Krisesenter Vest IKS	2025/2026
Vurdere oppretting av tverrfagleg team som skal følgje opp saker.	Kommunalsjef HSO Kommunalsjef OKI	2025/2026

6. Implementering og gjennomføring

Handlingsplanen mot vald i nære relasjonar skal vere eit praktisk styringsreiskap innan området i perioden fram til 2030. Planen vert ikkje sett på som eit endeleg produkt, men eit steg på vegen med jamleg rullering og revisjon. Det er forsøkt å prioritere tiltak ut i frå kva som er mest naudsynt og hensiktsmessig å setje i gong fyrst, og kva som er realistisk å gjennomføre i planperioden.

Førebygging av vald og overgrep og handlingskompetanse når det er mistanke om eller avdekka vald og overgrep er prioriterte område. Kompetanseheving og fokus på tverrfagleg samarbeid og samhandling innan desse områda må vektleggast for å få eit tilstrekkeleg, forsvarleg og heilskapleg tilbod til valdsutsette og utøvarar.

Handlingsplanen skal behandlast i kommunestyret våren 2025. Handlingsplanen skal gjerast kjent i kommuneleiinga og vert sett opp som sak i politiråd.

Handlingsplanen skal gjerast kjent for dei tilsette og bør vere tema i verksemdsmøter årleg. Handlingsplanen skal vere tema på utvida leiarmøte helse-sosial-omsorg (HSO) og oppvekst, kultur og idrett (OKI) minst ein gong i året. Verksemdene tek i bruk handlingsplanen og konkretiserer tiltak som gjeld eiga verksemd.

Det vert gjennomført midtvegsevaluering med relevante tenester og samarbeidspartar for å kunne justere tiltak eller tidsplan om dette er naudsynt. I tillegg vil det vere sluttevaluering med planlegging av revisjon av handlingsplanen. I evalueringane skal det vurderast om tiltaka vart gjennomført i tråd med handlingsplanen og i kva grad.

7. Lovverk og føringar

7.1. Lovgrunnlag

Dei lovpålagde pliktene gir klare føringar for kommunen sitt valdsarbeid og rettigheter for innbyggjarane. Lovverk knytt til helse og omsorssektoren er godt skildra i [NKVTS sin rettleiar for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar](#).

Det er oversikt over anna relevant lovverk, som lovverk på overordna nivå, lovverk knytt til samarbeid og samordning, lovverk knytt til fagpersonell og lovverk om brukarrettigheter i [NKVTS sin rettleiar for utvikling av kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar](#).

7.2. Menneskerettslege forpliktingar

Eit liv utan vald er ein grunnleggjande føresetnad for å kunne vekse og utfalde seg og for å kunne leve eit godt liv. Norske myndigheiter har forplikta seg til å verne innbyggjarane mot vald, overgrep og anna inhuman behandling gjennom ei rekke internasjonale avtalar. Ei oversikt over viktige konvensjonar og dokument finn du her: [Menneskerettslige forpliktelser – Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner \(nkvt.no\)](#)

7.3. Nasjonale føringar, meldingar, strategiar og planar

Det er ei rekke statlege dokument som er sentrale for kommunen sitt valdsarbeid. Ei oversikt over sentrale dokument finn du her: <https://komplan.nkvts.no/lovverk/nasjonale-foringer/>

8. Ressursar

Rettleiarar, opplæring og kunnskap

[Dinutvei.no | Nasjonal veiviser ved vold og overgrep](#) – Rettar seg mot både utsette, utøvarar, pårørande og personar som møter utsette og utøvarar gjennom sitt arbeid med vald i nære relasjonar.

[Jeg vet](#) – Ein kunnskapsbasert læringsressurs for alderstilpassa opplæring om vald, overgrep og mobbing i barnehagar og skular.

[NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#) – Veileder for helse- og omsorgstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar

[NKVTS – veiviser om kjønnslemlestelse](#) – Veiviser for deg som gjennom jobben din møter jenter eller kvinner som er utsett for eller er i risikozonen for kjønnslemlestelse.

[Plikt.no](#) – Ressurs med informasjon om avvergingsplikten og hjelp til korleis du skal handle. Utvikla av NKVTS.

[Ressurser - RVTS](#) – Oppstilling av portalar, opplæringsverktøy, filmar, brosjyrar, magasin og spel.

[Rettentil.no](#) – Oversiktsverktøy utvikla av RVTS Øst for dei som møter barn og unge som kan vere utsette for negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting.

[Rettleiar for NAV-tilsette om vald i nære relasjonar og menneskehandel](#)

[Rusogvold.no](#) – Korus og RVTS har utvikla kunnskapsmodular for å heve spesialist- og primærhelse-tenesta sin kompetanse innan integrert behandling for rus- og valdsproblematikk.

[Seksuellatferd.no](#) – Ressursside om normal seksuell utvikling, og handtering av bekymringsfull og skadeleg seksuell åtferd.

[snakkemedbarn.no – Øv deg på samtaler med barn og unge](#) – Utvikla av RVTS for tilsette i tenester som møter barn og unge. Målsettinga er å styrke vaksne sine dugleikar til å snakke med barn dei er uroa for.

[TryggEst – vern for risikoutsatte voksne | Bufdir](#)

[Valdsfri.no – Ut av den vonde sirkelen](#)

[Vold og overgrep | Bufdir](#) – Barne-, ungdoms og familiedirektoratet (Bufdir)

[Stine Sofies stiftelse – råd og ressurser](#) – ideell organisasjon som jobbar for å førebygge og avdekke vald og overgrep mot barn og unge, ivareta dei som er utsett og styrke rettane deira.

Kompetansesenter

[Alternativ til vold](#) – Formidlar kunnskap og spreier kompetanse gjennom føredrag, kurs, konferansar og fagleg rettleiing.

[Krisesentersekretariatet](#) – Ein uavhengig paraplyorganisasjon for krisesenter i Noreg. Arbeidar for ei framtid utan vald mot kvinner og vald i nære relasjonar og for å styrke krisesentertilbodet.

[Regionale ressursentre - RVTS](#) – Regionale ressursenter om vald, traumatisk stress og selvmordsforebygging.

[Vold og overgrep - NKVTS](#) – Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress.

[Nasjonalt senter for aldring og helse](#) – Eit offentleg nasjonalt kompetansemiljø på aldring og eldrehelse i Noreg. Har informasjon om vald mot eldre.

Hjelpeapparatet

[Alarmtelefonen for barn og unge 116 111](#) - Barnevernet si døgnopne svarteneste. For barn og unge som er utsett for omsorgssvikt eller som treng bistand på grunn av eigen risikoåtfærd, og for vaksne som er uroa for barn.

[Statens Barnehus](#) – Tilbod til barn, ungdom, vaksne psykisk utviklingshemma og deira familiar når det er mistanke om at dei kan ha vore utsette for eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep.

[Alternativ til vold](#) – Behandlings- og kompetansesenter på vald, med særleg vekt på vald i nære relasjonar. Tilbyr behandling til alle medlemmar av familien; både utøvarar av vald, valdsutsette vaksne og barn, og ungdomar med valds- og aggresjonsproblematikk.

[DIXI Ressurssenter mot voldtekt](#) – Lågterskeltilbod til utsette for valdtekt og pårørande.

[VOnlinjen](#) – Vold- og overgrepslinjen 116 006 er ei hjelpelinje for alle som opplev vald og overgrep i nære.

[Nok.Bergen](#) – Kompetansesenter mot seksuelle overgrep. Nok. Bergen er eit tverrfagleg, gratis hjelpe-tilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande.

[Tiltak og tenester for barn og unge i Bømlo kommune](#)

[Vold i nære relasjoner - Politiet.no](#) – Politiet si informasjonsside for dei som er utsette for vald, trugsmål eller tvang, eller mistenkjer at andre er utsette.

[Krisesenter Vest IKS](#) – Har avdelingar på Stord (telefon 53 41 12 12) og i Haugesund (telefon 52 72 98 84).

[Mental Helse](#) – Har gratis og anonyme svartenester , som Hjelpetelefonen 116 123 og [Sidetmedord.no](#).

9. Referansar

Justis- og beredskapsdepartementet (2021). [Frihet fra vold. Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner 2021-2024.](#)

Prop. 36 S (2023-2024): [Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og overgrep mot vold i nære relasjoner \(2024-2028\): Trygghet for alle](#), Justis- og beredskapsdepartementet

Digitale kjelder

[Bufdir - TryggEst – vern for risikoutsatte voksne](#)

[Bufdir - Vold og overgrep](#)

[Bømlo BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Bømlo kommune \(betreinnsats.no\)](#)

[Dinutvei.no | Nasjonal veiviser ved vold og overgrep](#)

[FHI - Vold og seksuelle overgrep](#)

[Helsedirektoratet - Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#)

[Jegvet.no](#)

[NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

[NKVTS – Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner](#)

[NKVTS - Vold og overgrep](#)

[Plikt.no](#)

[RVTS - Regionale ressursentre](#)

[Valdsfri.no – Ut av den vonde sirkelen](#)

10. Vedlegg


Bømlo kommune

Kva kan eg gjere ved mistanke om vald i nære relasjonar?

Sjå

Psykiske teikn

- Redsel
- Uro
- Angst
- Konsentrasjonsproblem
- Depresjon
- Mareritt
- Redusert sjølvkjensle
- Sjølvmordstankar

Fysiske teikn

- Sår og skadar på kroppen (blåmerker, stikk- og brannskadar)
- Svimmelheit
- Søvn- og eteforstyrningar
- Kroppslige smerter
- Vondt i magen, hovudet, ryggen mm.

Signal

- Auka bruk av legemiddel og alkohol
- Hyppige sjukemeldingar
- Legebesøk med diffuse symptom
- Avtalar vert ofte endra/kansellert
- Personen kjem sjeldan aleine til avtalane
- Personen er stadig utan pengar
- Knuste eigendelar (ved heimebesøk)
- Reaksjonar ved berøring
- Bruk av rusmiddel

Sjå etter teikn og signal som kan tyde på at personen er utsett for vald

Spør

Start gjerne med

- "Eg er uroa"

Beskriv kva du ser

- "Det verkar som du ofte er mykje borte frå skule/jobb"
- "Du verkar sliten/redd"
- "Eg ser at du har blåmerker på armen"

Fortsett med

- "Dette gjeld kanskje ikkje deg, men mi erfaring er at mange som ikkje har det så greitt heime kan få slike plager. Kva tenkjer du om det?"
- "Korleis er det å vere deg heime?"

Tips!

- Still opne spørsmål (ikkje leiande)
- Prøv å unngå å bruke ordet "vald"
- Lytt aktivt, som "fortell meir om det...., kva gjorde du, kvar var du, korleis opplevde du dette, beskriv..."
- Gjenta nøkkelord
- Unngå vurderingar av det som har skjedd, som "Å, så forferdeleg!"
- Tilpass spørsmåla til alder og forståing

Når eit barn eller ein vaksen fortel noko for fyrste gong er det viktig å vere roleg og vise at du toler å høyre det dei fortel. Ver obs på eige kroppsspråk og mimikk.

Still spørsmål som kan leie fram til erkjenning av valden

Avklar

Korleis artar valden seg?

- Slag, trugslar, lugging, seksuell tvang?
- Audmjuka, latterleggjort og/eller krenka?
- Manglande råderett over egne pengar?
- Vert nekta kontakt med familie og vener?
- Vert klede og ting med personleg verdi øydelagt?
- Mishandling av kjæledyr?
- Tvangsekteskap?

Kor alvorleg er valden?

- Når skjedde dette sist?
- Beskriv kva som skjedde
- Er du redd for at noko skal skje framover?
- Er det fare for liv og helse for deg sjølv eller barna dine?
- Har du tidlegare vore i kontakt med politiet eller krisesenter?

Be gjerne den valdsutsette om å skrive ned kva som har skjedd.

Informér den valdsutsette om kva du vil gjere med det du no har fått vite.

Målet er å motivere den valdsutsette til å kontakte hjelpeapparatet slik at valden stoppar.

Motivere til kontakt med hjelpeapparatet


Bømlo kommune

Handle - vald og overgrep i nære relasjonar

Kva gjer du?

Hjelp den valdsutsette med å finne informasjon om hjelpeapparatet.

Usikker på kva du skal gjere?

Du kan be om samtykke til å kontakte hjelpeapparatet. Du kan også drøfte saka anonymt med politi, barnevern eller krisesenter.

Rettleiingssamtale på krisesenteret

Inviter den valdsutsette med til ein samtale på krisesenteret. Krisesenteret kan hjelpe til med å vurdere tryggleiken, om forholdet skal meldast til politiet, og gi råd og rettleiing om vegen vidare for å stoppe valden.

Ved mistanke om at barn vert utsett for vald

- Ta kontakt med barnevernet og/eller politiet
- Send bekymringsmelding til barnevernet

Avvergeplikt:

Alle har ei personleg plikt til å melde eller på anna måte avverge og hindre alvorlege brotsverk, som drap, valdtekt, vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep mot barn. Les meir på [plikt.no](#)

Viktige telefonnummer

- POLITI**
02800
112 (naudnummer)
- BARNEVERN**
97 55 21 63 (mottakstelefon dagtid)
91 91 44 30 (beredskapstelefon etter 15.30)
- KRISSENTER VEST IKS**
53 41 12 12 (Stord)
52 72 98 84 (Haugesund)
- LEGEVAKT**
116 117
- Valdtektsmottaket Helse Fonna**
05253 / 52 73 20 00
- Alarmtelefonen for barn og unge**
116 111
- Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll**
46 80 90 50 (nasjonalt nummer)

Når det er akutt

I akutte situasjonar og ved fare for liv

Ring politiet på 112

Du kan også kontakte ditt lokale politi på 02800

Kontakt også barnevernet dersom barn er involvert.

Ved alvorlege trugslar eller fysiske skader etter vald og overgrep

- Ring politiet for å hindre nye, akutte overgrep.
- Ved mistanke om valdtekt, kontakt valdtektsmottaket eller legevak
- Tilby den valdsutsette hjelp til å kontakte krisesenteret.

Når du har grunn til å tru at eit barn vil kome til å bli utsett for vald eller overgrep

- Varsle politiet og barnevernet

Ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot barn i heimen skal du ikkje informere foreldre, men kontakte politi og barnevern.

Di plikt er sjølve varslinga. Politiet vil etterforske og syte for avhøyr ved barnehusa.